Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Veving

Oppskr. av: Hans O. Nordvik

(adresse): Nessjøen

Fylke: Hordaland

Herad: Fjell

Bygdelag:

Gard: Nordvik

G.nr. 4 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Til mannsklar brukte dei her i bygda vadmel. Det galdt for både eldre og yngre mannfolk til omlag år 1900.
Tenkjer då helst på ytterklar, bukse, vest og tröye (jakke) Vadmel (ekkje leta) var og brukt til underbukser. (Underbeinsklar)
Viser til det eg har skrive i saremne nr. 8 om renning og veving av vadmel.
Til kvinneklar brukte ein helst strengvadmel. (Boy) Det var leta mörkeblått, (som regel då) og bruktes til ytterklar, til stakk og tröye. (altso: skjört og liv)
Til veving av vadmel og „streng". Bruka me her 2 tråder av varpe millom kvar spil i vevskjeia.
I einskjefta 1 tråd millom kvar

9899

spil.
Med omsyn til tröing av dei ymse slag kann eg nemna, at til vadmel, streng og einskjefta brüka me 4 tröer i gogna, (veavstolen)
Når det skulle vara vadmel trödde ein soleis: frå vinstre til högre:
Tröa 1 og 2 ned. So 2 og 3 ned, og so 3 og 4 ned, og so 4 og 1 ned.

Til streng og einskjefta trödde ein frå vinstre til högre med tröa nr. 1 og 3, og so nr. 2 og 4.
I tida millom den aldre og den nyare tid, t. d. frå 1900 talet og framover til 1920 brükte ein mykje å veva overskjorter til mannfolk med bomullstråd til varp, og ulltråd til innslag.
Ein nytta strengvevnad til denslags. Den sorten med bomullstråd til varp og ull veft var og mykje nytta til dynetrakk og ymse anna.
Ulltråden vart ofte farga, raud blå eller kanskje gul, för han vart brükt som innslag.
Det vart fint når övde hender var ferdig med dit.
Duker, putevar, og handklær vov ein og sjölv i den tida, det var bomulls varp og veft;

9899
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

men vevemåten kjenner eg
ikkje.
Med omsyn til åklar
har eg skrive det eg veit i eit svar
tidlegare, sovidt eg minnast.
Skal berre nemna, at roseåklar
er trådde, (smetta) mens
andre åklar er vevd med
skötel, og kallast treskjefta.
Ein sort ty (stoff)
av bomull, som einskilde
her vov før, kalte dei draiel.
Det stoffet var mykje nytta
til borddukar.
Vevemåten kan eg ikkje gjara
greida for.
Om namnet „draiel" er
stedegent, eller det er lands-
kjendt, veit eg ikkje.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING